



DEN NORSKE KYRKJA  
Dovre kyrkjelege råd

## MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

<b>Møtedato</b>	<b>Møtestad</b>
tysdag 12. februar 2018 kl. 19.00 - 22.00	Dombås kyrkje

### TIL STADES PÅ MØTET

Med stemmerett:

Dovre sokn: Guri Ruste, Helle Hundevadt, Sonja Rykhus, Hans Ingvald Hovde (unntatt sak 13).

Dombås sokn: Martin Berg, Anne Lise Raatrø Pettersen, Randi Brennhaug.

Prest: Daniel Johansson

Kommunerepr.: Knut Nytnun.

Med tale- og forslagsrett: sekretær Vidar Aas.

### SAKER TIL HANDSAMING

SAK 11/18	ÅRSREGNSKAP 2017
SAK 12/18	ÅRSMELDING 2017
SAK 13/18	REFERAT OG ORIENTERINGER
SAK 14/18	DELEGASJON
SAK 15/18	EVALUERING AV RÅDSARBEID
SAK 16/18	VALG AV LEIAR OG NESTLEIAR
SAK 17/18	PRESTEORDNING I LESJA OG DOVRE
SAK 18/18	RENOVERING DOMBÅS KYRKJE

### UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på saksnummer 11-18/18 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

*Daniel Johansson* *Guri Ruste* *Knut Nytnun* *Sonja Rykhus*  
*Hans Ingvald Hovde*  
*Martin Berg* *Randi Brennhaug* *Helle Hundevadt*

**Innkalling:** Utsendt 5.2.2018.

**Hovedutskrift:** Dovre kommune v/ formannskapet og rådmannen, Prost i Nord-Gudbrandsdal, arbeidstakerrepr. i administrasjonsutvalget, revisor.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	12. februar 2018	133	2018/1

## **SAK 11/18 ÅRSREGNSKAP 2017**

### **Saksopplysningar:**

#### Vedlegg:

- Årsregnskap 2017; drift, investering og balanse.

Årsregnskap skal handsamast i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd og økonomireglement for DKR. Årsregnskapet og årsrapporten skal fastsettast av rådet og leggst fram for revisor innan 1. mars.

"Regnskapsresultat" side 2 syner driftsinntekter, driftsutgifter og resultat. Oppsummering pr. funksjon og ansvar er i årsmeldinga.

Budsjettregulering i samsvar med økonomireglement og delegasjon til dagleg leiar.

Årets mindreforbruk skuldast i hovudsak fylgjande forhold:

- Tilbakeført overskudd KLP (ca 50')
- Vakans i stilling (60 % fra 15.9) samt at timer som kyrkjetenar er brukt og dermed ført som renovering av Dombås kyrkje (totalt ca 140').
- I tillegg til punktet over, var det lågare utgifter på lønnsposter og %-vis pensjonsutgifter enn budsjettet (ca 150'), ca 90' av dette er interne overføringer fra trusopplæring og pilegrimsdager.
- Festeavgiftene høgare enn budsjettet (ca 80'). Større overskudd stellavtaler (ca 20')
- Utleieinntekt og brukerbetaling på funksjon kyrkje større enn budsjettet (ca 30').
- Økonomiprosess som gjorde at «bremsene var på» i heile organisasjonen, samt manglande tid spesielt når det gjaldt innkjøp og vedlikehald.
- Det må også påpeikast at det er fleire driftsutgiftspostar som er større enn budsjett.

#### Merknader/opplysninger til enkeltpostar i regnskapet:

- Art 30580 (Diverse trekkpliktige godtgjørrelser) er ny fra 2016. Dette er andel av køyregodtgjering (skattepliktig del) og mobilbeskatning.
- Art 37700 (Refusjon fra andre) på ansvar 31100 (diverse fellesutgifter/inntekter) skuldes mobilskatt (ansatte får påplussa inntekt ca 4.400 kr årleg som blir skattlagt. Påslaget må regnskapsførast attandeført på annan post enn art 30100 (fast lønn).
- Festeavgift blir periodisert (1/5 pr. år).
- Stell av graver momsbelagt f.o.m. 2016.
- Interne overføring frå pilegrimsarbeid (ansvar 34400) og trusopplæring (ansvar 34110) under funksjon 04400 (anna kyrkjelege verksemd) og til funksjon 04100 (fellesrådets administrasjon) og 04200 (kyrkjer) er ressursbruk av sekretær, kontor og kyrkjetenere på dei to områda.
- Administrativ ressursbruk (leiing, lønn, regnskap) er ikkje fordelt frå funksjon 04100 (administrasjon) til dei øvrige funksjonane. Eindel av kyrkjeverjestillinga burde vore regnskapsført på funksjon 04300 (kyrkjegardar), både for å synleggjere kostnaden og fordi det har betydning for kommunalt tilskudd til andre trussamfunn.
- Interne overføringer mellom ansvar 34180 (konfirmantundervisning) og ansvar 34180 (konfirmantarbeid i prostiet) er rådets støtte til konfirmantleir.
- Avsetningar til fond og overføring til investeringsregnskapet i samsvar med vedtak i sak 08/18.

**Innstilling:**

Rådet fastset det framlagte regnskapet som rådets regnskap for regnskapsåret 2017. Regnskapsmessig mindreforbruk (overskudd) blir sett av til disposisjonsfondet.

**Vedtak:**

Innstilling einstemmig vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	12. februar 2018	046	2012/2

**SAK 12/18 ÅRSMELDING 2017****Saksopplysningar:****Vedlegg:**

- Forslag til Årsmelding 2017.

**Innstilling:**

Rådet fastsetter det framlagte forslaget som årsmelding 2017 for Dovre kyrkjelege råd.

**Vedtak:**

Rådet fastsetter det framlagte forslaget med dei endringer som kom fram på møtet, som årsmelding 2017 for Dovre kyrkjelege råd.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	12. februar 2018		

**SAK 13/18 REFERAT OG ORIENTERINGER****Saksopplysningar:**

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 23. januar 2018**
- **Post:**  
KA: Høring om strategiplan, frist 12. februar.

**Vedtak:**

Protokollen frå rådsmøtet 23.1.2018 godkjent.  
Innspelet til KAs strategiplan blir tatt opp på neste møte. Rådsleiar deltek på KAs landsråd i april.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	12. februar 2018	010	2016/3

## **SAK 14/18 DELEGASJON**

### **Saksopplysningar:**

Rådsleiar ynskjer at rådet går gjennom vedtatt delegasjon og vurderer om noko skal endrast.

Relevante dokumenter i saken (utdelt tidlegare):

- Delegasjonsreglement, frå DKR til dagleg leiar
- Reglement for kyrkjelege administrasjonsutval i Dovre
- Økonomireglement for DKR
- Mandat og retningsliner for DKR sine utvalg
- Stillingsomtaler
- Rutiner for DKR sine møter
- Samt vedtatt mandat arbeidsutvalget (sak 38/16): I samsvar med Kirkelovens § 13, kan Arbeidsmiljøutvalget fatte avgjørelse i hastesaker. Slike vedtak refereres i førstkommende rådsmøte. Rådsleder avgjør i hvilke saker AU skal sammenkalles for å forberede rådssaker før behandling i rådet. Rådet kan også gi AU fullmakt til å fatte avgjørelser i avgrensede saker, eksempelvis høringsuttale, oppfølging av prosjekter.

### **Vedtak:**

Orienteringen er tatt til etterretning. DKR vil på eit seinare tidspunkt revidere vedteke delegering.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	23. januar 2018 12. februar 2018	010	2016/3

## **SAK 15/18 EVALUERING RÅDSARBEID**

### **Saksopplysningar:**

Dovre kyrkjelege råd bør evaluere og drøfte:

- Møteform, hyppigheit, møtestruktur
- Fordeling av tid og merksemd mellom soknerådssaker og fellesrådssaker
- Oppfølging og arbeid mellom møtene
- Fordeling av oppgaver og saker mellom rådet og utvalga

### **Vedtak:**

23. januar: Saken utsatt til neste møte.

12. februar: Diskusjonen er tatt til etterretning. Fortsatt kveldsmøter, evt. dagmøter ved større saker. Gjennomgang av utvalg, utvalgsstruktur og mandat.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	23. januar 2018 12. februar 2018	002	2006/03

## **SAK 16/18 VALG AV LEIAR OG NESTLEIAR**

### **Saksopplysningar:**

Leiar og nestleiar vert valgt kvart år, jamfør Kyrkjelova og Reglar om formene for verksemda til soknerådet og kyrkjelege fellesråd» § 1 punkt 3: «Soknerådet /kyrkjeleg fellesråd vel leiar og nestleiar mellom rådsmedlemmene i det konstituerande møtet og deretter kvart år. Valet vert gjort skriftleg. Den som har vore leiar eitt år, kan verte friteken fra val for det følgjande året.»

### **Innstilling:**

Saka blir lagt fram utan innstilling.

### **Vedtak:**

23. januar: Saken utsatt til neste møte.

12. februar: Guri Ruste valgt som leiar og Steinar Botheim valgt som nestleiar.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	12. februar 2018	320	

## **SAK 17/18 PRESTEORDNING I LESJA OG DOVRE**

### **Saksopplysningar:**

Bakgrunn: Saken settes opp etter avtale med rådsleder. DKR har ikke myndighet til å vedta eller bestemme i saken, har faktisk ikke høringsrett heller.

For ca 1,5 år siden innførte prostene en ordning med at prestene i Lesja og Dovre har ansvar for å forberede og gjennomføre gravferd i hver sin uke. Prosten begrunner ordningen med at det er nødvendig for at prestenes arbeidsplan og arbeidstid skal være innenfor bestemmelsene. Tidligere avtalte prestene å «dekke opp» for hverandre ved særskilte behov. Nå er annenhver uke hovedregelen.

Ordningen krever koordinering mellom kirkevergene for å fastsette dag og tid for gravferder. I praksis betyr det at familien får dårligere mulighet for å velge tidspunkt. Stabene opplever ordningen som unødvendig krevende: flere å forholde seg til, vanskeligere å få god flyt i rutiner og samarbeid, mindre forutsigbarhet, sårbart viss informasjon om tilstedeværelse/fravær ikke fungerer.

Det viktigste spørsmål er likevel, hvordan påvirker denne ordningen forholdet mellom menigheten og soknepresten? Gravferder er viktige møtepunkter for menighet og prest, samtaler i forkant med familien og med bygda i gravferden. Årsstatistikk for 2017 viser at flere møter og hører presten i en gravferd enn i en gudstjeneste. Sokneprestens forkynnelse og tilstedeværelse i gravferd i Dovre kan derfor ikke undervurderes.

### Tjenesteordning:

Tjenesteordning for menighetsprester §9: Menighetsprester har ett eller flere sokn som tjenestested (særskilt arbeidsområde) og hele prostiet som tjenestedistrikt. Endring av særskilt arbeidsområde eller faste arbeidsoppgaver skjer etter en samlet vurdering der både prestenes, menighetenes og bispedømmets interesser vektlegges.

§ 10: Prosten leder prestatjenesten i prostiet og fordeler de oppgaver mellom prostiets prester ved instruks eller særskilt bestemmelse gitt av høyere myndighet.

§ 11. Enhver menighetsprest har rett til innenfor sitt tjenestedistrikt å utføre kirkelige handlinger som ønskes forrettet av dem.

Prosten leder prestatjenesten i prostiet og bistår biskopen i dennes tjenesteutøvelse. (Se Håndbok for menighetsråd og kirkelig fellestråd punkt 9.3.)

### Vedtak:

Dovre kyrkjelege råd har enstemmig vedtatt: DKR ønsker at soknepresten i størst mulig grad skal stå for gravferdene i Dovre. Rådsleder skriver brev til prosten med kopi til biskop, der rådets syn fremmes. Rådsleder kontakter også rådsleder i Lesja om saken.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	23. januar 2018 12. februar 2018	411	2011/6

## **SAK 18/18 RENOVERING DOMBÅS KYRKJE**

### **Saksopplysninger:**

Sak 23/11, 31/15, 33/11, 05/16, 14/16 og orienteringer på tidlegare rådsmøte.

Dombås kyrkje fekk nytt varmeanlegg med styringssystem i 2016. Anlegget har stor kapasitet, men det har vore ein del problem med å regulere anlegget. Viktig å få dette i orden i god tid før nytt orgel blir montert. Det er sett fokus på å få styringssystemet til å fungere etter intensjonen, saman med dei som var med å planlegge varmeanlegget.

Veggar og tak er ferdigmåla. Golvet i kyrkjerommet er slipt og lakka med ein matt miljøvennleg lakk. Benkane er måla etter at ytterste ledd er tatt bort. Ny ytterdør er ferig utvendig, men berre grunna innvendig. Arbeidet må gjerast når døra kan stå oppe (plussgrader ute). Teppet i koret er fjerna. Golvet ser bra ut, men skil seg frå resten av rommet ved å vere mørkebrunt.

Bord og benkar som står nå i sideskipa er midlertidige (laga til påskemåltid i Dovre kyrkje) og bør erstattes av møbler som er tilpassa kyrkjerommet – dersom rådet ynskjer bord og stolar i sideskipet. Det er tidlegare tenkt at det i sideskipet kan vere plass til konfirmantundervisning, møter, kyrkjekaffe og eigen barnekrok.

Uavhengig av punktet over, bør det kjøpast inn lause stolar som kan settast opp ved behov (juleaften, konserter, større gravferder) og enkelt fjernast og lagrast når dei ikkje er i bruk elles (type klappstolar/stablestolar). Her krevst ikkje samme kvalitet og

tilpasning i form og farge, men sjølsagt skal dei vere tilferdstillande å sjå på og bruke. Kyrkjeverge har kjøpt inn fire ulike prøveeksemplar.

Vidare er det ynskjeleg med montør for utstilling av t.d. gamle liturgibøker.

Dovre kyrkjelege råd må ta stilling til:

- Overflatebehandling av golvet i koret
- Utsjånad på dørene i våpenhuset
- Korleis plassen i sideskipa skal brukast, og kva som trengs av møbler og utstyr

### **Vedtak:**

23. januar: Saken utsatt til neste møte.

12. februar: DKR vedtok følgande tiltak:

- Golvet i koret vert måla i ei gråfarge og med raud kant nederst på knefallet.
- Utgangsdør vert måla i samme farger som dør mellom våpenhus og kyrkjerommet.
- Fremste benker på båe sider vert flytta til vestre sideskip.
- Lause stablestoler med grått stofftrekk blir kjøpt inn som ekstrastoler.
- Det vert kjøpt låsbar glassmontør til bibel m.m.
- Det må kjøpast bord for bruk til kyrkjekaffe, møter, konfirmantsamlinger.